DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	22/1008-	27. april 2022

Svar på skriftleg spørsmål nr. 1864 frå stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:
«Kan samferdselsministeren gjere greie for kostnadsveksten dei siste 5 åra her i landet for lastebiltransporten vs, produsentprisindeks for tjenester og konsumprisindeks, gjerne % endring kvartal pr. kvartal pr. år?»

Svar:
Den norske transportnæringa har ein svært viktig samfunnsfunksjon og er viktig for forsyningslinene i landet.
Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) visar at dei samla kostnadene for lastebiltransport har auka med 31 prosent i løpet av dei siste 5 åra, frå 1. kvartal i 2016 til 1. kvartal i 2022. Kostnadsauken har vore størst det siste året med 9,8 prosent. Drivstoffkostnadene har auka mest med 62 prosent, etterfølgde av bom- og ferjekostnadene som har auka med 43 prosent i femårsperioden.

Postadresse: Postboks 8010 Dep 0030 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59 Telefon* 22 24 90 90
Org no.: 972 417 904



Kostnadsendringane har variert gjennom perioden. 2021 var året med størst vekst i drivstoffkostnader med 30 prosent, mens bom- og ferjekostnadene auka mest i 2017 med 17,3 prosent. I 2020 og 2021 hadde desse komponentane ein kostnadsnedgang. I figuren over er tala henta frå SSB-tabellane 12535 og 12538.
Konsumprisindeksen (KPI) har auka med 17 prosent og Produsentprisindeksen (PPI) med 109 prosent i same femårsperiode. PPIen inkluderer heime- og eksportmarknaden og energivarar, og har auka mest i løpet av det siste året.

Med helsing

Jon-Ivar Nygård